



Lars Rønnevik Wisnes  
Helldalsstølen 66 A  
5225 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4906 - 21/60809

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
15.09.2021

## Avslutta sak om mogeleg ulovleg tilfelle - gbnr 428/26

Tiltak: Mogleg ulovleg tilfelle  
Byggjestad: Gbnr: 428/26 Kvalheim nedre  
Tiltakshavar: Lars Rønnevik Wisnes

Det vert vist til brev av 29.07.21 der kommunen oppmoda om at det vart gjort greie for tilhøva knytt til innstøping av kai på eigedommen din.

I brev frå dykk av 30.08.21 er det gjort greie for kva tiltak som er utført og sendt inn bildedokumentasjon på arbeida.  
Kommunen har vurdert at tilhøvet ikkje er eit brot på plan- og bygningslova.

I kommunedelplan for Radøy er det lagt inn byggegrense mot sjø. Denne byggegrensa går i kaifronten på eigedommen. Det er difor ikkje naudsynt med dispensasjon.

Tiltaket som du har redegjort for vert vurdert som eit mindre tiltak som ikkje er søknadspiktig. Av flyfoto går det fram at det har vore kai/slipp/molo på eigedommen frå før, som no er støypt inn med betong. Tiltaket gir eit anna visuelt inntrykk enn det som var på staden frå før. Likevel er omfanget av ein slik karakter at det ikkje utløyser søknadsplikt. Det er difor ikkje grunnlag for kommunen til å forfølgje saka vidare.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.  
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4906

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen

Per Sveinar Morsund

Avdelingsleiar

Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lars Rønnevik Wisnes

Høldalsstølen 66 A

5225

NESTUN